

Det er framleis usemje mellom kommunen og Olav Tvilde i saka om overvatn i Ospelunden. Tvilde påpeikar at verksemdsleiar Tormod Fossheim enno ikkje har svara på kva ein kan gjera for å avdekkja eventuelle skadar på eksisterande overvassanlegg.

Han finn mellom anna grop i grensa med nabotomta der drencsystemet går. Det kan sjå ut som det er lite eller ingen mold under torva og det kan tyda på øydelagt drencsystem. Tvilde veit om at andre også har problem etter dei store vassmengdene.

Han ber om at kommunen stadfestar at den som styresmakt etter plan og bygningslova har vurdert alle moment i høve til lovverket og at drencsystemet er bygd etter gjeldande lover og forskrifter, og at omsyn til omgivnadane er ivaretatt.

Han ser postivt på at kommunen har innsett at overvassleidninga i Korsnes ikkje tar imot salt vatnet frå Ospelunden. Dette arbeidet skulle vore gjort frå starten så hadde ein unngått dei store vassmengdene i vår og eventuelle skadar på systemet.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen